

## Saksprotokoll i fylkesutvalet – 04.05.2017

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette fram slikt forslag:

1. «Hordaland fylkeskommune rår frå konsesjon slik søknaden er presentert og ber om ytterlegare utgreiingar av saka. Kunnskapsgrunnlaget som er presentert i søknaden er ikkje tilstrekkeleg til å vurdere dette på ein god nok måte i høve til behov for vatn, friluftsliv, landskap og anadrom fisk.
2. Den reduserte vassføringa kan få negativ verknad på opplevingsverdiane knytt til kulturmiljøet. Det må difor takast omsyn til kulturlandskapet slik at desse verdiane ikkje vert redusert.»

### **Røysting**

Innstillinga vart vedteken med 13 røyster mot 2 røyster (MDG, SV) for Tomren sitt forslag.

### **Vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune rår til vidare utgreiingar av saka før ein eventuell konsesjon vert gjeven. Kunnskapsgrunnlaget som er presentert i søknaden er ikkje tilstrekkeleg til å vurdere dette på ein god nok måte i høve til behov for vatn, friluftsliv, landskap og anadrom fisk.
2. Den reduserte vassføringa kan få negativ verknad på opplevingsverdiane knytt til kulturmiljøet. Det må difor takast omsyn til kulturlandskapet slik at desse verdiane ikkje vert redusert.